

Informasjon om permisjon frå undervisninga:

Alle barn i alderen 6 – 16 år har plikt til grunnskuleopplæring, og rett til å gå på ein skule.

Elevar som går i skulen kan på visse vilkår søkja om permisjon frå skulen i inntil 2 veker, men ikkje i frå opplæringsplikta. Permisjon i 1–2 skuledagar skal skrivast i meldingsboka. Permisjon i 3 – 10 skuledagar skal søkjast på eige skjema.

OPPLÆRINGSLOVA

§ 2-1. Rett og plikt til grunnskuleopplæring

Barn og unge har plikt til grunnskuleopplæring, og rett til ein offentleg grunnskuleopplæring i samsvar med denne lova og tilhøyrande forskrifter. Plikten kan ivaretakast gjennom offentleg grunnskuleopplæring eller gjennom anna tilsvarende opplæring.

Dersom ein elev utan å ha rett til det, har fråvær frå den pliktige opplæringa, kan foreldra eller andre som har omsorg for eleven, straffast med bøter dersom fråværet kjem av at dei har handla forsettleg eller aktaust. Offentleg påtale blir ikkje reist utan når kommunen set fram krav om slik påtale.

Opplæringslova § 2-11 gjev på visse vilkår høve til permisjon frå undervisninga:

§ 2-11. Permisjon frå den pliktige opplæringa

Når det er forsvarleg, kan kommunen etter søknad gi den enkelte eleven permisjon i inntil to veker.

Elevar som høyrer til eit trussamfunn utanfor Den norske kyrkja, har etter søknad rett til å vere borte frå skolen dei dagane trussamfunnet deira har helgedag.

Vilkår:

Det er eit vilkår for retten at foreldra sørgjer for nødvendig undervisning i permisjonstida, slik at eleven kan følgje med i den allmenne undervisningstid etter at permisjonstida er ute.

Kommunen har delegert til den einskilde rektor å handsama permisjonssøknader i samsvar med opplæringslova § 2-11. Søknader om permisjon skal sendast til skulen der eleven går.

Skulen skal vurdere om det er forsvarleg å gje permisjon. Ei slik vurdering kan gje ulikt utfall for søsken på same skule.

Forhold som kan vurderast:

Spesielle ting som skal gå føre seg på skulen, prøvar, tema/prosjekt m.m.

Kva kan/vil eleven gå glipp av?

Kva for alternativ opplæring vil eleven få?

Samla fråvær frå undervisninga.

SKJEMA TIL BRUK FOR SØKNAD OM PERMISJON I 3-10 DAGAR.

Søknad for 1 -2 dagar skal skrivast i meldingsboka.
Sum dagar for slik permisjon skal takast med i opplysning om tidlegare permisjonar. Kontaktlærar gjev uttale før rektor tek avgjerd.

Til REKTOR

SØKNAD OM PERMISJON

Skule	
Klasse	
Kontaktlærar	
Elev	
Frå – til (dag/dato)	Skuledagar:
Sum tidlegare permisjonsdagar i skuleåret	
Grunngjeving	
Ansvarleg for opplæring i permisjonstida	
Underskrift	Dato
	I
Uttale frå kontaktlærar	
(Forsvarleg permisjon)	